

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Gynekologisk poliklinikk: 70 05 82 63

Dagavdelinga: 70 05 82 43

Inntakskontoret: 70 05 82 48

**Pasientinformasjon**

# Laserkonisering

# Laserkonisering

Informasjon til deg som skal til laserkonisering

## Behandlinga

Laserkonisering er behandling for alvorlege celledforandringar på livmorhalsen. Ved hjelp av laserstrålen blir ein liten bit av livmorhalsen fjerna. Vevsbiten blir sendt inn til mikroskopisk undersøking.

Laserkonisering er ikkje til hinder for framtidige barnefødselar, men gir litt auka risiko for tidleg fødsel.

Du skal møte fastande, dvs ikkje ete, drikke eller røyke etter midnatt. Inngrepet blir utført i lokalanestesi på livmorhalsen, evt i kombinasjon med avslappande medisin. Du kan ikkje køyre bil etter operasjonen dersom du har fått medisin i tillegg til lokalanestesi.

## Etter behandlinga

Du får mat og drikke etter inngrepet. På grunn av blødningsfare må du vere i avdelinga ein times tid etterpå. Det er framleis ein viss blødningsfare første veka, og du bør difor unngå sterk fysisk aktivitet. Sjukmelding blir gitt ved behov.

Laserstrålen etterlet ei sårflate (brannsåar) på livmorhalsen, som gror i løpet av 3-4 veker. Desse vekene er det vanleg med småblødning og utflod. Grunna auka infeksjonsfare bør du unngå bruk av tamponggar, karbad, symjing og samleie denne perioden.

Dersom du får kraftig blødning (meir enn rikeleg mens) kan du ta kontakt med avdelinga.

Du får skriftleg tilbakemelding på vevsprøven, vanlegvis i løpet av 2-3 veker. Du blir innkalla til den første kontrollen på gynekologisk poliklinikk 4-6 mnd etter operasjonen.

